



Søknad om tilgang til bustøttesystemet

Vi ønsker at du fyller ut skjemaet på pc. Du må lese igjennom føresegn om teieplikt på neste side. Både du og leiaren din må underskrive søknaden.

E-læringskurset «Grunnkurs i bostøtte» er obligatorisk for saksbehandlarar som skal ha tilgang til å registrere i systemet. Men du kan også ta kurset dersom du kun skal ha lesetilgang, og ønsker å lære meir om bustøtteordninga.

Send søknaden til post@husbanken.no

1 Opplysningar om søkar

Namn:		
Epost:		
Kommunennummer:	Kommunenamn:	Bydel (Oslo)

2 Kvifor treng du tilgang?

- Eg er saksbehandlar for bustøtte
- Eg er saksbehandlar for økonomisk sosialhjelp
- Eg jobbar i førstelinja og rettleiar søkarar
- Eg jobbar med avrekning av bustøtte
- Andre årsaker? Fortell kvifor du treng ein tilgang:

3 Kva tilgang meiner du sjølv at du treng?

- Tilgang til oppslag på enkeltsaker
- Tilgang til registrering → Har du gjennomført e-læringskurset? Ja Nei
→ Kven gir deg opplæring i systemet? Oppgi namnet:

Føresegn om teieplikt for bustøtte

Teieplikt og føresegn om vern av personopplysningar

Alle opplysningar i ein bustøttesak er underlagt teieplikta. Dette gjeld både opplysningar om at ein husstand får bustøtte og konkrete opplysningar i saka.

Teieplikta inneber òg plikt til å skjerme opplysningar for uvedkomande. Ver dirfor nøye med kven som har tilgang til sakspapira og kven som kan sjå informasjon på dataskjermene i kontormiljøet ditt.

Du har berre lov til å nytte bustøttesystemet i arbeidet ditt med bustøtte. Alle oppslag i systemet skal vere knytt til en reell sak du arbeider med. Andre typar oppslag – eller "datasnoking" – er forbode. Husbanken har plikt til å logge alle oppslag som blir gjort i systemet.

Føresegn om teieplikt og vern av personopplysningar følgjer blant anna av forvaltningslova, folkeregisterlova og personopplysningslova. Brot på føresegna kan straffast.

Unntak fra teieplikta

Det er lov å utlevere opplysningar om bustøtte og husstanden som tek imot bustøtte når

- personen opplysningane gjeld samtykkjer. Samtykkje bør vere skriftleg og den som gir samtykkje må forstå kva han/hun samtykkjer til.
- NAV, Skattekontor eller sosialkontor i samband med saksbehandling har behov for opplysningar om kven som får bustøtte og eventuelt størrelse på beløp.
- kommunen har behov for opplysningar i samband med kommunale bustøtteordningar.

Føresegn om unntak frå teieplikta følgjer av forvaltningslova og forskrift om bustøtte § 12.

Behandling av personopplysningar

Husbanken behandlar og lagrar personopplysningar når du får tilgang til bustøttesystemet. Kontaktopplysningar, arbeidsgivar, nærmaste leiar og IP-adresse vil bli lagra i systemet for tilgangsstyring. Du har rett til å krevje innsyn i opplysningane Husbanken har om deg, og krevje at feil opplysningar blir retta og at opplysningar som ikkje lenger er relevante blir sletta. Husbanken har arkivplikt, og det kan medføre at retten til å få retta eller sletta opplysningar ikkje gjeldar fullt ut jf. arkivlova og personvernlova.

Ønsker du innsyn, retting, sletting eller har spørsmål, kan du kontakte Husbanken sitt personvernombod.

Underskrifter

Søker lover å respektere teieplikta og vil berre nytte opplysningane når det er nødvendig i arbeidet med bustøtte.

Stad/dato

Underskrift søker

Stad/dato

Underskrift leiar

Du skal sende skjemaet til post@husbanken.no